

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 01/17

Møte 24.01.2017

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- X Asbjørn Ringdal Gausdal
- X Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

Varamedlemmer:

- Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- Anton Iversen

Administrasjonen:

Assisterende direktør Helge Ristesund

Andre:

Klinikksjef Kjersti Bergjord, orienteringssak 2017/03

Klinikksjef Henrik Erdal, orienteringssak 2017/03, BU sak 2017/07 og BU 2017/12

Konst. klinikksjef Karl Arne Remvik, BU sak 2017/12

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/Randi Spjelkavik Ramnefjell

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – Styrevernet kl. 10:00.

Leiar Ingrid Løset starta med å ønske alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

BU 2017/01 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 11/16 frå møte 05.12.16.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 24.01.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 24.01.17.

Protokoll nr. 10/16 som vart godkjent i møte 05.12.16, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 2017/02 Orientering frå Assisterande direktør

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek sakane til vitande.

BU 2017/03 Orienteringssaker

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

1. Introduksjon av klinikkisjef Kjersti Bergjord – Klinikk for akuttbehandling.
2. Introduksjon av klinikkisjef Henrik Erdal – Klinikk for kvinner, barn og ungdom
3. Rapport – Akutte reinnleggelser 2016 (vedlegg 01)
4. Rapport – Ikkje møtt 2016 (vedlegg 02)
5. Rapport – Utskrivingsklare 2016 (vedlegg 03)
6. Nye honorarsatsar for brukarutval frå 01.01.2017. (vedlegg 04)
7. Asbjørn Ringdal Gausdal orienterte frå møte 17.01.17, angående busskommunikasjonsforhold ved Volda sjukehus.

Vedtak:

Brukarutvalet tek sakane til orientering.

BU 2017/04 Referatsaker

Protokoll:

1. Protokoll frå RBU 07.12.16.
 - Brukarutvalet tek protokoll til orientering
2. Uttale om handlingsplan «Samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og utvikling av den akuttmedisinske kjede i Møre og Romsdal
 - Brukarutvalet tek saka til orientering, med følgjande tillegg:
 - Kommunikasjon mellom primærhelsetenesten og spesialisthelsetenesta i situasjonar der ambulanse/helikopter ikkje kan nyttas

- Beredskapsferje

Vedtak:

Brukarutvalet tek saka til orientering.

BU 2017/05 Oppnemning av ny brukargruppe i klinikk for medisin og rehabilitering

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal foreslår følgende brukarrepresentantar:

- Asbjørn Ringdal Gausdal, Torill Bøe, Hanne-Lilian Søvik, Ingerid Gjørtz og Kjetil Dreyer

Vedtak:

- Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal velger Asbjørn Ringdal Gausdal, Torill Bøe, Hanne-Lilian Søvik, Ingerid Gjørtz og Kjetil Dreyer til ny brukargruppe i klinikk for medisin og rehabilitering.

BU 2017/06 Utviklingsplan akutt kirurgi HMR 2018-21

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2017/05 – Utviklingsplan akutt kirurgi HMR 2018-21

Styret skal behandle saka i styremøte 25.01.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, støtter framlegget til styrevedtaket men forutsetter at ein i planperioda også tenkjer meir langsiktig.

BU 2017/07 HMR sitt svar på: «Tilsynsrapport etter alvorlig hendelse. Manglende oppfølging av et barn med omfattende og sammensatte behov (Sebastiansaken)»

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2017/06 – HMR sitt svar på: «Tilsynsrapport etter alvorlig hendelse. Manglende oppfølging av et barn med omfattende og sammensatte behov (Sebastiansaken)»

Styret skal behandle saka i styremøte 25.01.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF meiner at det er ein grundig og viktig rapport, men synes at det er svært uheldig at det har tatt så lang tid å få ferdig rapporten. Brukarutvalet er opptatt av at denne saka vert brukt til læring, mellom anna for å sjå den samla risikoen. Vidare støtter Brukarutvalet det framlagte forslag til vedtak i styresak 2017/06.

BU 2017/08 Budsjett 2017Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/08 – Budsjett 2017.

Styret skal behandle saka i styremøte 25.01.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF viser til Brukarutvalet sitt vedtak i BU sak 2016/106 – Budsjett 2017. Brukarutvalet vil igjen minne om viktigheita av at tiltaka ikkje må få uheldige konsekvensar for pasientbehandlinga i Helse Møre og Romsdal HF

BU 2017/09 Oppretting av ungdomsrådInnstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/08 – Oppretting av ungdomsråd

Styret skal behandle saka i styremøte 25.01.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til framlegg til vedtaket i styresaka.

BU 2017/10 Årleg melding 2016Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/09 – Årleg melding 2016

Styret skal behandle saka i styremøte 25.01.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF etterlyser omtale om brukarmedverknad HMR i Årleg melding 2016

BU 2017/11 Innspel til høyringsuttale – «NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten»

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2017/10 - Innspel til høyringsuttale – «NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten»

Styret skal behandle saka i styremøte 25.01.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

BU 2017/12 Riktig bruk av tvang i psykisk helsevern i HMR

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2017/04 – Riktig bruk av tvang i psykisk helsevern i HMR

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF har i møte fått ei god orientering frå konst. klinikksjef Remvik, og er nøgd med at det blir satt i gang tiltak for å sikre riktig bruk av tvang. Brukarutvalet etterlyser lik praktisering av regelverket ved Hjelset og Ålesund. Brukarutvalet ber om at ein vert halde vidare orientert i saka.

BU 2017/13 Eventuelt

- Ingrid Løset og Ann-Helene Skare deltek i styremøte 25.01.17.
- Ann-Helene Skare og Hilde Marie Kleiven deltek i styremøte 15.03.17.

BU 2017/14 Godkjenning av protokoll nr. 01/17 frå møte 24.01.17.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/17 frå møte 24.01.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/07 frå møte 24.01.17.

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Jakob Strand

Atle Tangen

Anne Grete Mogstad

Hilde Marie Kleiven

Asbjørn Ringdal Gausdal

Torill Bøe